

# MØTEINNKALLING

## Tysnes kommune

**Utval** : **KOMMUNESTYRET**  
**Møtestad** : **Rådhuset**  
**Møtedato** : **13.02.2018**  
**Tid** : **16:00**

### SAKLISTE:

<b>Utvalsaknr.</b>	<b>Arkivsaknr.</b>	<b>Tittel</b>
PS 1/18	18/88	<b>REFERAT, SKRIV OG MELDINGAR</b>
PS 2/18	17/484	<b>ENDRINGAR I EKTESKAPSLOVA - KOMMUNALE VIGSLER RETNINGSLINER</b>
PS 3/18	17/685	<b>SAL AV KOMMUNALE BUSTADER PÅ HOVLAND</b>
PS 4/18	17/802	<b>STRATEGISK PLAN FOR SAMARBEIDSRÅDET FOR SUNNHORDLAND 2018 - 2021 - HØYRING</b>
PS 5/18	17/820	<b>FORMELL GODKJENNING AV KOMMUNEVÅPEN</b>
PS 6/18	18/49	<b>OMFANGET AV LEVERINGSPLIKTIGE POSTTENESTER - HØYRING</b>
PS 7/18	16/47	<b>DETALJREGULERING FOR UGGDAL BUSTADOMRÅDE - DEL AV GNR. 66, BNR. 4, 6, 101 M.FL.</b>
PS 8/18	18/122	<b>SUPPLERINGSVAL - KOMMUNESTYRET - VARAMEDLEM</b>

# MØTEBOK

## Tysnes kommune

---

**Utval**  
**KOMMUNESTYRET**

**Møtedato**  
**13.02.2018**

---

Arkivsak : 18/88 -  
Arkivkode: 020

---

Sakshandsamar: Steinar Dalland

### Handsamingar:

Utval	Møtedato	Saksnummer
KOMMUNESTYRET	13.02.2018	PS 1/18

### REFERAT, SKRIV OG MELDINGAR

**Vedlegg:** ORIENTERING OM HELE- OG OMSORGSTENESTER  
INVITASJON TIL DELTAKING I REGIONALT  
DIGITALISERINGSSAMARBEID - FELLES SØKNAD TIL  
FYLKESMANNEN  
UTBETALING FRÅ HAVBRUKSFONDET  
EPOST - BETRING AV KOMMUNIKASJONSTILHØVE MELLOM STORD  
OG KVINNHERAD  
HUSNES VEKST - BETRING AV KOMMUNIKASJONSTILHØVA  
MELLOM STORD OG KVINNHERAD  
DYREBESKYTTELSEN - SØKNAD OM ØKONOMISK STØTTE  
REFERAT  
SKYSS - FERJE- OG BUSSRUTER  
PRINSIPP FOR FAKTURERING AV SKULESKYSS - SVAR PÅ SPØRSMÅL  
OVERSIKT - FAKTURERING 2017  
KOMMUNEPLANEN SINN SAMFUNNSDEL - STATUS  
PROGRAM - TEMAMØTE  
PROSESS  
REFERAT FRÅ MØTE I SAMBARBEIDSRÅDET 2. FEBR 2018  
ETABLERING AV VEST BRANN- OG REDNINGSREGION

Orienteringssaker:

- Orientering om omsorgssenteret
- Hordfast
- Gjennomgang av vidare arbeid med Samfunnsdel av kommuneplanen

### HANDSAMING I KOMMUNESTYRET 13.02.2018:

Postadresse:  
Rådhuset  
5685 UGGDAL

Besøksadresse:  
UGGDAL

Telefon: 53 43 70 00  
Telefaks: 53 43 70 11

Møtet var kalla inn ved skriv frå ordføraren 5. februar 2018. Møtet har óg vore kunngjort i Bladet Tysnes og på kommunen si heimeside.

Det var ingen merknader til innkallinga, sakslista eller møteboka frå førre møte.

Styreleiar i Hordfast AS, Øyvind Halleraker, orienterte om selskapet. Presentasjonen vert ettersendt til kommunestyret sine medlemmer.

Ordføraren orienterte kort om utsendte referat skriv og meldingar.

Ordføraren orienterte særskilt om reglar og rutiner for fråfall til politiske møte, ordføraren sa at han ville koma tilbake med eit eige rundskriv til gruppeleiarane .

Ordføraren meinte at det er behov for å gjennomføra opprykk til Arbeiderpartiet si varaliste slik varalista vert fylt

Til møte hadde representanten Magnar Solheim fremja slike spørsmål:

### **1: Mobildekning**

«Det har i fleire år vore snakka om kva ein skal gjera med mobildekninga i kommunen. Dette gjeld spesielt områda mellom Onarheim-Vermedal, Nymark – Lunde. I desse områda er det ikkje normal dekning av noko slag. Kva vil de gjere for å løyse dette problemet? Telenor virkar lite villig til å byggje ut, men kan kommunen i lag med private aktørar og næringsliv få til eit spleiselag?»

Ordføraren svara slik:

I samband med utskifting til 4G sendarar vart det antyda at det kan vera grunnlag for å venta betre dekning, avtalen med Telenor var at det skulle lagast ein ny kartlegging av dekning etter dette. Når det gjeld samarbeid med andre aktørar, så er det mogleg når det først er gjort tilstrekkelege avklaringar av dekning og prioritering. Ordføraren skisserte ein slik vidare saksgang: 1) Gjennomføra kartlegging av dekning, 2) laga ein framdriftsplan og sak om prioritering, 3) arbeida fram finansieringsplan.

### **2: Skule**

«Det har i den seinare tid versert ein del rykter om at kapasiteten på skulane i kommunen er sprengd. Kan de gje ein statusoppdatering på denne saka?»

Rådmannen gav ved kommunalsjef oppvekst ei orientering med utgangspunkt i gjeldande skuleplan. Det vart vist til at det på Onarheim skule er plass til 60 elevar, problemstillinga her er at skulen er bygd som fådelt skule og at det kan vera utfordringar knytt til vidare oppdeling av skulen.

Uggdal skule har ein kapasitet på 110 elevar, i skulebruksplanen vart det kommentert at det kan bli trongt om det framleis skal vera barnehage i underetasjen. Det er, som kommunestyret

kjenner til, ikkje lenger barnehage i underetasjen. Det er gjort noko tilpassingar for å betra situasjonen kring grupperom. Det er ikkje vurdert til å vera kritisk dei næraste åra.

Situasjonen på Tysnes skule er skildra både gjennom skulebruksplanen og gjennom eige forprosjekt. Dei største utfordringane her er kvalitet på bygningsmassane, manglande grupperom, manglande kulturskule, vaksenopplæring og arbeidsplassar for undervisningspersonell. Dette er tilhøve som må løysast gjennom planlagd investering.

Det er ingenting som tyder på at me ikkje skal kunne gje plass til alle nye elevar innanfor dagens kringsgrenser.

### **Ymse:**

Representanten Tore Atle Humlevik tok under ymseposten opp spørsmål om vegskilting, dette er framleis noko mangelfullt. Rådmannen viste til orientering om dette i 2017 der det vart vist til at arbeider vart sett i bero fram til 2018, det ligg inne midlar til å gjennomføra prosjektet i år. Kommunestyret vert nærare orientert om forventa framdrift i neste møte.

Sigvard Madsen og Magne Hauge Skartveit vart vald til å skriva under møteboka saman med ordføraren.

# MØTEBOK

## Tysnes kommune

---

**Utval**  
**KOMMUNESTYRET**

**Møtedato**  
**13.02.2018**

---

Arkivsak : 17/484 -  
Arkivkode: 010

---

Sakshandsamar: Steinar Dalland

### Handsamingar:

Utval	Møtedato	Saksnummer
FORMANNSKAPET	31.10.2017	PS 70/17
KOMMUNESTYRET	14.11.2017	PS 58/17
FORMANNSKAPET	31.01.2018	PS 2/18
KOMMUNESTYRET	13.02.2018	PS 2/18

### ENDRINGAR I EKTESKAPSLOVA - KOMMUNALE VIGSLER RETNINGSLINER

#### SAKSUTGREIING:

I samband med endringar i ekteskapslova og overføring av ansvar for borgarlege vigslar til kommunen gjorde kommunestyre i sitt møte 14. november f.å. slikt vedtak:

- Tysnes kommune skal ha tilbod om vigsel til eigne innbyggjarar og personar som ikkje er busett i Noreg, men som fyller vilkåra for å gifta seg her, måndag til fredag mellom kl. 09:00 og 15:00.*
- Kommunestyresalen skal nyttast som vigslingslokale. Det vert innarbeidd rom for opprusting av salen i budsjett for 2018 med ei estimert kostnadsramme på kr. 130.000.*
- I tillegg til ordførar og varaordførar, får rådmannen fullmakt til å gjennomføra vigslar med verknad frå 1. januar 2018.*
- Tysnes kommune ønskjer å kunna tilby vigsel for innbyggjarar i andre kommunar. Rådmannen vert beden om å leggja fram ei sak med retningsliner for betaling for slike vigslar innan utgongen av året.*
- Tysnes kommune vil vurdera om det er behov for å kunna gje tilbod om vigslar utover ramma for tid og stad dersom det vert naturleg.*

I vedtaket ligg det eit oppfølgingspunkt i punkt 4, det kan elles vera behov for å tydeleggjera vurderingar gjort under punkt 5. Denne saka tar sikte på å avklara desse høva.

På generell basis ser me ikkje eit behov for eigne retningsliner for gjennomføring av kommunale vigslar utover informasjon kring kostnader ved utanbygdes vigsel, og vigslar som vert gjort utover den ramma som følgjer av punkt 1 og 2.

Kommunen skal gje tilbod om gratis vigslar til kommunen sine eigne innbyggjarar, dersom ein av ektefolka er busett i kommunen så er det tilstrekkeleg. Føresetnad om gratis vigslar til eigne innbyggjarar er avgrensa til dei rammene kommunen har fastsett for gjennomføring av vigslar. Dersom kommunen, i samsvar med kommunestyre sitt vedtak punkt 5, gjev tilbod om vigslar utover ramma for tid og stad kan kommunen ta betaling for dette i samsvar med forskrifta § 2, 2, ledd:

*«Kommunen kan ta betaling for nødvendige merkostnader dersom kommunen tilbyr vigsel ut over det vanlige tilbudet om tid og stad. Brudefolkene skal informeres om kostnaden i god tid før vigselen.»*

Når men no har valt å opna for slike vurderingar vil det etter rådmannen sitt syn vera naturleg å vurdere betaling også for dette.

Kommunen har inga plikt til å vigsle ektefolk som ikkje er busett i kommunen. Kommunestyre opnar likevel i sitt vedtak for å gjera under føresetnad at det vert lagd fram retningslinjer for betaling for slike tenester, kommunen sitt høve til å krevja betaling vert regulert av forskrifta § 3:

*«Tilbyr kommunen vigsel for andre enn de som er nevnt i § 2, kan kommunen ta betaling for nødvendige kostnader til vigselen. Brudefolkene skal informeres om kostnaden i god tid før vigselen.»*

Gjennom forskrifta § 4 vert kommunane rådd til å utarbeida faste retningslinjer for betaling etter §§ 2 og 3. Rådmannen si vurdering er at det er tenleg at betalinga vert gjort etter ein fast sjablong framfor å avtale det ved kvart einiskilde høve.

Ulike kommunar har gjort vedtak og berekningar for kostnader knytt til gjennomføring og me ser at spennet går frå kr. 5000 for utanbygdes vigsel i Sauda til 700 kr. i Lund kommune. Begge desse er prisa ut frå at vigsel skjer innanfor fastsett tid og stad. Dersom vigsel skjer utanfor ordinær arbeidstid kjem ein meirkostnad på kr. 1000,- i Lund kommune og kr. 5000, i Sauda.

Tysnes kommune må gjera ei sjølvstendig vurdering av sine faktiske kostnader.

Dersom me legg til grunn at gjennomføring av ein kommunal vigsel på Rådhuset har ei samla tidsramme på 2 timar, dette inkluderer alt forarbeid og etterarbeid mellom anna med vigselbok. Av dette ligg det 1 time for vigslar og 1 time for arkivpersonell, lønskostnader inklusive sosiale kostnader utgjør då kr. 1100,-

Andre kostnader slik som areal og materiell er estimert til kr. 400,- Pris for gjennomføring av kommunal utanbygdes vigsel innanfor dei rammene som følgjer av punkt 1 og 2 vert då kr. 1500,-

Dersom vigsel vert gjennomført utanfor ramma av tid og stad som følgjer vedtaket punkt 1 og 2 må meirkostnader reknast inn, det må i tillegg reknast noko meir tid då det er ekstra reisetid og at papirarbeidet framleis må ordnast på Rådhuset. I desse tilfella vert også lønskostnaden høgare då arkivpersonell har krav på overtid, alternativt må vigslar gjera alt arbeidet sjølv. Det er også litt meir tilrettelegging ved at Rådhuset då i utgangspunktet er stengt. Samla vurderer me meirkostnader til løn, tilrettelegging og at det ligg utanfor normal arbeidstid og såleis også

vil ha noko konsekvens ved at det ikkje kan leggjast til grunn at vigslar og arkivpersonal er tilgjengeleg inneber at det vert lagt til eit gebyr tilsvarende kr. 1500,-

For vigslar gjennomført andre stader enn på Rådhuset vert det rekna eit ekstra gebyr tilsvarende kr. 1000,- dette dekker på reisetid og reisekostnader. Dersom vigselstaden har særskilt omfattande reisekostnader og -tid kan det reknast faktiske kostnader. Det vert vidare lagt opp til at reisetid vert fakturert kr. 1000,- per påbyrja time utover første timen. Dersom ektefolka ønskjer vigslar utanfor oppsett tid og på anna stad vert då samla gebyr kr. 2500, for utanbygds vigsel så kjem då eit tillegg på 1500, samla gebyr vert då kr. 4000,-

For ordens skuld gjer me merksam på at ektefolket sjølv må dekkja ekstra kostnader til blomster, kulturelle innslag og eventuelt husleige dersom vigsel skjer på anna stad.

Med bakgrunn i ovannemnde legg rådmannen fram slik innstilling for betalingsstar i samband med kommunale vigslar:

### **INNSTILLING FRÅ RÅDMANNEN:**

1. Kommunal vigsel der minst ein av ektefolka er busett i kommunen, eller for personar busett i utlandet, som fyller vilkåra for å gifta seg her, er gratis under føresetnad av at vigsel vert gjennomført på Rådhuset i tidsrommet måndag til fredag frå kl. 09:00 til kl. 15:00.
2. Tysnes kommune gjev tilbod om å vigsla ektefolk der ingen av desse er busett i kommunen. Under føresetnad av at vigsel vert gjennomført på Rådhuset måndag til fredag frå kl. 09:00 til kl. 15:00 kjem det eit gebyr for dette tilsvarende kr. 1500,-
3. Tysnes kommune kan gjera særskilt avtale om gjennomføra vigsel også for anna tid enn måndag til fredag frå kl. 09:00 til 15:00 . I desse tilfella kjem det til eit gebyr tilsvarende kr. 1500,-
4. Tysnes kommune kan gjera særskilt avtale om gjennomføra vigsel også for anna stad enn rådhuset for desse tilhøve kjem det til følgjande gebyr:
  - a. Det vert rekna eit generelt gebyr for reise tilsvarende kr. 1000.-
  - b. Dersom det er særskilt omfattande reise for å koma til vigselstad kan reisekostnader verta fakturert etter faktisk kostnad.
  - c. Reisetid vert fakturert med kr. 1000,- per påbyrja time etter første time.
5. Kostnader etter punkt 3 og 4 kjem i tillegg til kostnader som følgjer av punkt 2.
6. Ektefolket må sjølv syta for og dekkja eventuelle meirkostnader til blomster, kulturelle innslag og eventuelt leige for alternativ stad for vigselseremoni.

### **FRAMLEGG TIL VEDTAK FRÅ FORMANNSKAPET 31.01.2018:**

1. Kommunal vigsel der minst ein av ektefolka er busett i kommunen, eller for personar busett i utlandet, som fyller vilkåra for å gifta seg her, er gratis under føresetnad av at vigsel vert gjennomført på Rådhuset i tidsrommet måndag til fredag frå kl. 09:00 til kl. 15:00.

2. Tysnes kommune gjev tilbod om å vigsla ektefolk der ingen av desse er busett i kommunen. Under føresetnad av at vigsel vert gjennomført på Rådhuset måndag til fredag frå kl. 09:00 til kl. 15:00 kjem det eit gebyr for dette tilsvarende kr. 1500,-
3. Tysnes kommune kan gjera særskilt avtale om gjennomføra vigsel også for anna tid enn måndag til fredag frå kl. 09:00 til 15:00 . I desse tilfella kjem det til eit gebyr tilsvarende kr. 1500,-
4. Tysnes kommune kan gjera særskilt avtale om gjennomføra vigsel også for anna stad enn rådhuset for desse tilhøve kjem det til følgjande gebyr:
  - a. Det vert rekna eit generelt gebyr for reise tilsvarende kr. 1000.-
  - b. Dersom det er særskilt omfattande reise for å koma til vigselstad kan reisekostnader verta fakturert etter faktisk kostnad.
  - c. Reisetid vert fakturert med kr. 1000,- per påbyrja time etter første time.
5. Kostnader etter punkt 3 og 4 kjem i tillegg til kostnader som følgjer av punkt 2.
6. Ektefolket må sjølv syta for og dekkja eventuelle meirkostnader til blomster, kulturelle innslag og eventuelt leige for alternativ stad for vigselseremoni.

#### **VEDTAK I KOMMUNESTYRET 13.02.2018:**

1. Kommunal vigsel der minst ein av ektefolka er busett i kommunen, eller for personar busett i utlandet, som fyller vilkåra for å gifta seg her, er gratis under føresetnad av at vigsel vert gjennomført på Rådhuset i tidsrommet måndag til fredag frå kl. 09:00 til kl. 15:00.
2. Tysnes kommune gjev tilbod om å vigsla ektefolk der ingen av desse er busett i kommunen. Under føresetnad av at vigsel vert gjennomført på Rådhuset måndag til fredag frå kl. 09:00 til kl. 15:00 kjem det eit gebyr for dette tilsvarende kr. 1500,-
3. Tysnes kommune kan gjera særskilt avtale om gjennomføra vigsel også for anna tid enn måndag til fredag frå kl. 09:00 til 15:00 . I desse tilfella kjem det til eit gebyr tilsvarende kr. 1500,-
4. Tysnes kommune kan gjera særskilt avtale om gjennomføra vigsel også for anna stad enn rådhuset for desse tilhøve kjem det til følgjande gebyr:
  - a. Det vert rekna eit generelt gebyr for reise tilsvarende kr. 1000.-
  - b. Dersom det er særskilt omfattande reise for å koma til vigselstad kan reisekostnader verta fakturert etter faktisk kostnad.
  - c. Reisetid vert fakturert med kr. 1000,- per påbyrja time etter første time.



5. Kostnader etter punkt 3 og 4 kjem i tillegg til konstnader som følgjer av punkt 2.
  
6. Ektefolket må sjølv syta for og dekkja eventuelle meirkostnader til blomster, kulturelle innslag og eventuelt leige for alternativ stad for vigselseremoni.

# MØTEBOK

## Tysnes kommune

---

**Utval**  
**KOMMUNESTYRET**

**Møtedato**  
**13.02.2018**

---

Arkivsak : 17/685 -  
Arkivkode: 130

---

Sakshandsamar: Steinar Dalland

### Handsamingar:

Utval	Møtedato	Saksnummer
FORMANNSKAPET	31.01.2018	PS 3/18
KOMMUNESTYRET	13.02.2018	PS 3/18

### SAL AV KOMMUNALE BUSTADER PÅ HOVLAND

#### SAKSUTGREIING:

##### Bakgrunn

I samband med budsjett 2018 er det teke høgde for kjøp av meklartenester med sikte på å selja kommunen sine eigedomar på Hovland. Bygget har vore nytta til mottak av flyktningar, det er p.t. ingen flyktningar som bur i bygget og med dei signala som no ligg frå Imdi er det lite truleg at det vil nyttast til dette føremålet på kort sikt. Det er liten interesse for å leiga trygde- eller omsorgsbustader i området, men kommunen tek sikte på å framleis eiga noko bustadmasse her. Så lenge bygningane ikkje er i bruk er det vanskeleg å forsvare eit vidare kommunalt eigarskap, i realiteten er dette då ei tom bygningsmasse der me må nytta midlar for å hindra at forfallet vert for omfattande.

##### Bygningsmasse

Salet omfattar alle bygg med unnatak av omsorgsbustader ovanfor sjølve hovudbygget, dette er firemannsbustad på gnr. 194 bnr. 40.

På Hovland har i dag Tysnes kommune følgjande bygningsmasse:

1. Hovland bu og omsorgssenter med 6 omsorgsbustadar i 3 etasje, 8 enkeltrom, 2 dobbeltrom og sjølve «gamleheimen» med fellesrom/stover, kjøkken med fryserom/kjølerom, rom for vaskeri, kontor, treningsrom/fysioterapi mm. Totalt areal bygg er omlag 1200 m<sup>2</sup>,
2. 4 mannsbustad i rekke på ca. 64 m<sup>2</sup> kvar, totalt 256m<sup>2</sup>
3. Areal tomt for gnr./bnr. 129/20 og 129/37 2500 m<sup>2</sup>
4. Firmansbustad på gnr./bnr. 129/40. 4 leilegheiter på ca. 66 m<sup>2</sup> kvar. Totalt 264 m<sup>2</sup>. Areal tomt 129/40 2063 m<sup>2</sup>

5. I tillegg er det eit naust tilhøyrande gnr./bnr. 129/20  
(Oppgjeve areal på bygga er bruttoareal (BTA))

I dag har Tysnes kommune vesentlege direkte kostnader til drift av desse bygningane i tillegg til vert verdiar reduserte som følgje av at bygningane står tomme. Deler av bygga er malingslitte og ein del vindauga er punkterte og bør skiftast. Arealet utanfor bygga ber også preg av manglande vedlikehald.

Tysnes kommune har rammeavtale med Eiendomsmegler Vest på Os og meklar har vore og sett på eigedomane saman med Tysnes kommune.

Tysnes kommune har takstar på desse eigedomane utført av John Totland i 2012. Eiendomsmegler Vest vurderer desse takstane til å vera tilfredsstillande og kan nyttast etter ein enkel retaksering i samband med eit sal.

Sal et som no verst søkt gjennomført omfattar følgjande eigedomar:

1. Hovland bu og omsorgssenter med 4 mannsbustad i rekke med tilhøyrande tomt og naust

#### Kostnader knytt til sal

Det må gjerast ei enkel retaksering av alle eigedomane, dette er kostnadsrekna til kr. 15.000,-

Sal av Hovland bu og omsorgssenter med 4 mannsbustad i rekke, eigdomsmeklar kr. 100.000 + ca. kr. 20.000 for annonsering

Sal av sjølv omsorgssenteret byr derimot på mykje større utfordringar. Her vert mellom anna annonseringa sær viktig og ein kan ikkje berre nytta dei vanlege annonseplassane som BT, Finn.no med vidare. Dette er eit næringsbygg og ein må nytta heilt andre media til annonsering f. eks. Dagens Næringsliv, Nettavisen - NA24 og andre tilsvarande landsdekkande aviser/media. Å finna interessentar som har ein plan for bruk av eigedomen vil vera avgjerande. Utfordringa knytt til sal er avspegla i den relativt høge prisen for gjennomføring.

#### Attståande innbu:

Bygningsmassen inneheld mykje inventar. Tysnes muselag har søkt om å få overta inventar dei har interesse av.

I første omgang har me gjort ei enkel kartlegging av attståande inventar, 9. januar d.å. er det gjort ei enkel kartlegging av attståande innbu og lagt ei slik inventarliste:

2. etg

Legekontor:	Permer m/ sensitiv info	Diverse utstyr, sprøyter m.m.	Datautstyr, telefoner, kontorstol etc.	Brune skap m/glassdør og hyller, veggklokke
Fysioterapirom:	Hjelpemiddel utstyr,	Diverse, bleier m.m. Boss	Nytt ubrukt: 2 IKEA Reidar stoler, 3 speil og postkasse.  Hyller	Tepper, duker, overmadrass, vedkurv , kjørler, kopper og kar
Dagligstuen:	Scimmel piano, Jacob Knudsen trørgel, 2 pianokrakker	12 stoler m/ armle, 6 skinnstoler, 2 stoler, 8 kurvstoler, 1 lenestol, 6 spisebord, 2 sofabord  Skap m/ glassdører m/ koppestell til 12 m.m.,	Teakkommode, lite skap, skap m/ glass og sølvplett. Lysekroner, 3 like vegglamper m/glassskjerm, 1 vegglampe, 2 vinduslamper, 1 taklampe og 2 lampetter i samme stil.	Lysetaker, lite speil, maleri, broderi, diverse nipsfigurer m.m.  Jøtul ovnspeis.  Grundig kassettpiller m/ VHS og høytalere
Gang:	Telefonbord, speil	2 trestoler	Sangbøker	
Gang øst:	Garderobeskapp	Knyttet veggteppe	Barometer , lysetake	
Vaktrom:	Blodprøveglass, multidose, medisiner	Medisinskapp, 2 nøkkelkapp med diverse nøkler	Stol	
Mellomgang:	Lite kjøkken m/ diverse kopper og kar, komfyr UPO	IKEAseng, hyller, bord stoler, liten kommune (flyktninger?)	Melkespann(Tysnes gamleheim), 2 lampetter, spotter i tak.	Maleri (kopi) Skredsvik?
Gang:	6 regulerbare stoler, bokhylle m/ bøker, 6 lampetter, stålampe.	Kiste frå 1897, småbord, diverse stoler.	Tine svalsapp, ubrukt oljeovn, aviskurv.	Juletrebelysning
Bad:	Poleringsmaskin	Trillebord	Fotgjerne	Engangshansker
Rom: 201	3 rammemadrasser	1 sykeseng m/ hjul	2 stoler, 2 kommoder, garderobeskapp	Lysetake, lampett, juletrebelysning
202	2 enkle senger	2 skap m/ bøker	trestol	Stor dukke
203	2 rammemadrass	Pinnestol og bord		
204	1 rammemadrass	1 sykeseng	1 stol, 1 pinnestol	Lite bord, TV
205	1 firuseng	1 sykeseng	Regulerbar høy stol	Lite klaffebord
Trappegang	Regulerbar høy			

	stol			
--	------	--	--	--

Liste innbo Hovland

Registrert 09.01.2018

1 etg

Rom: 103	2 Rammemadrasser	Regulerbar stol	Lite bord og stol
102	2 Rammemadrasser	Regulerbar stol	Lite bord, 2 stoler
101 Vaktmester	3 skolepult, ubrukte lamper	Høvelbenk	Enkelt skap
Gang:	19 m med bleier	5 lampetter, liten stol	Spaserstokk
105	1 Rammemadrass	Regulerbar stol	Liten stol m/ ulltrekk
104 (lager for Tysnesfest)	IKEAseng	1 stol, 1 pinnestol	
Tøyrom:	Puter, sitteputer	Strykejern, duker, håndklær	Plast juletre, flagg
Bøttekott:	Fin gammel potte	Stamp	Boss
Lager:	Kiste 1907, symaskin,3 klokker, seilskutemodell, 6 oljelamper, rose malt barnestol, rose malt kiste 1909.	Konfektskål, mugge 4 melkeskåler, koppestell til 25-30, kaffekanne(porselen), flere gamle skåler.	Duker, vaskefat m/ mugge, skrin m/trådsneller, koffert (Åsta Dalsgård), tinnskål, vase, diverse bilder.
Midtgang: (diverse rom)	Bleier, mopper, toalettruller, vaskemiddel.	Easyflex, desifiseringsvæske, mobbeskyl.	Lite klaffebord, engangsforklè, toalettbørster.
Lite lagerrom:	Maskinoppvask	Bossposer	Diverse kjørler
Spisestue:	4 røde skinnstoler, kommode, skjenk 50-talls, langbord, regulerbar stol, 3 fotskamler, gammel trestol.	Støvsuger, frys, TV, dostol, hjørneskap malt, skjenk malt.	Juleservice, bestikk, salatbestikk, koppesett, dessertskåler, middagservice m/ tilbehør
Kjøkken:	Elektrisk takke, stor stekepanne, diverse kjøkkenredskap, tallerkener og skåler.	Kontorpult, 2 stålbenker m/ vask, stor 4 platers komfyr.	3-delt kjøkkenskap
Trappegang lager:	3 glassfat , osteklokke		
Kjøkkengang:	3 garderobeskap		
Skyllerom:	Fiskegryte		
Trapperom:	Kaffekanne, tallerkener, blomstepotterpanner	3 jernstekepanner, bestikk, keramikkskål	2 gamle vaffeljern, 1 oljelampe.

## Underetasje

Vaskeri:	Lite bord		
Bårerom:	Lite bord		
Skyllerom:	Vaskemidler		

## Liste innbo Hovland

Registrert 09.01.2018

### 3. etasje

Vaskerom:	Tørketrommel	Vaskemaskin	
Leilighet 301:	Kjøkkenmodul	3 rammemadrasser, 2 lenestoler	2 messing veggglamper og 1 messing lysekroner
302:	Kjøkkenmodul, frys, kjøkkenbord og 2 stoler	2 rammemadrasser, sofa, lite bord, sjenk, 1 lenestol	2 messinglamper og klokke.
Gang:	Sultan dobbeltmadrass. sykeseng	Regulerbar stol	Hvit høy hylle
Kontor:	Kjøkkenmodul, kopper, fat, nøkkelskap m/nøkler.	Hjørnesofa, skrivebord, hylle, lampe, speil.	Datautstyr
Fellesrom:	7 blå stoler, 1 treseter, 1 kurvstol, 1 stressless, 2 spisebord.	Komplett kjøkken m/utstyr, kaffetrakter	Flatskjerm
Leilighet 303:	Kjøkkenmodul	Rammemadrass	Lite bord, TVbenk
304:	Kjøkkenmodul, vaskemaskin	Rammemadrass	Skinnssofa, salongbord
305:	Kjøkkenmodul, frys, microovn, kjøkkenbord	Enkel og dobbel rammemadrass, speil.	Sofa, lite bord, lenestol, stålampe.
306:	Kjøkkenmodul, frys	Rammemadrass, nattbord, speil.	Kommode, lenestol.
Garderobe:	3x3 garderobeskap	Skohyller, knaggrekke	Speil, klesbørste
Gang:	Glasskap		
Vaktrom:	Seng, ubrukt madrass	2 ubrukke IKEA speil	Bokhylle, pinnestol

## Loft

Stor kobberpanne, stekeplate	Sengebunner, dostol, madrasser	Vevstol, kartong m/bøker, skolepult	Kommunekopper
------------------------------	--------------------------------	-------------------------------------	---------------

## Gammelt loft

Protokoller, kartotek	Singer symaskin,	Lampe(messingfot),	6 rosemalte kister:
-----------------------	------------------	--------------------	---------------------

	parafinlampe, porselenskupler, ODHNER regnemaskin, spaserstokk, 2 7 armetè mesinglysestaker, norgesglass, juletrebelysning, juletre, diverse gamle bilder, kommode.	skillevegg, behandlingbenk, lysbildeframviser, ryggsekk, medisinsk utstyr, babyvekt, koffert, 11 nattbord, 2 malte kommoder, 6 fotskamler, sengebunner, 2 ubrukte redningsvester	1 merket 1859 1 merket 1822 1 merket 1869 (m/ sengklær) 1 m/ skjorter 2 trekister 1 kartong fat/ kopper 1 kommunekopper Koffert, porselensvask/toalett
--	--	---	---

Noko av innbuet må avklarast slik at me er trygg på at det ikkje ligg personsensitiv informasjon i ulike dokument. Noko av innbuet kan nyttast i vidare drift og noko kan nyttast på nytt omsorgssenter. Me har også motteke søknad frå Tysnes muselag med omsyn til å overta deler av innbuet. Ein del av innbuet tilhøyre Tysnesfest som har fått leiga deler av Hovland til overnatting i samband med avvikling av festival.

Det vert tilrådd ei slik oppfølging av innbu i bygga:

1. Ulike tenesteområder ryddar for å sikra at det ikkje ligg att personsensitiv informasjon og sikrar gjenbruk av det som kan gjenbrukast.
2. Protokollar og anna av lokalhistorisk verdi vert vurdert i samarbeid med Ernst Berge Drange med sikte på eventuell oppbevaring i lokalhistorisk arkiv.
3. Tysnes omsorgssenter vurderer om det er innbu dei kan nyttiggjera seg av med omsyn til utsmykking og møblering av nytt omsorgssenter, tilsvarande kan vurderast for andre kommunale bygg.
4. Tysnes muselag får overta innbu under føresetnad av at dei også har kapasitet til å stille det ut. Dersom det er anna innbu utover dette som heilt klart har museal verdi vert det gjennomført samtaler med Sunnhordland museum.
5. Attståande innbu vert auksjonert vekk.

Alt innbu som vert fjerna frå bygget skal registrerast. Rådmannen får fullmakt til å avhenda innbu i samsvar med ovanstående punkt.

Det er eit relativt stort arbeid å rydda i bygningane, dette må prioriterast no i vår om det skal vera mogleg å få lagt ut komplekset til sal før sumaren.

#### Anna

Deler av bygningsmassen er ganske ny, den siste utbygging me hadde på 2000 talet er ikkje ferdig avskrive i høve til tildelt støtte frå Husbanken. Denne støtta vil då måtte trekkjast frå salssummen.

Det vert ikkje stilt vilkår om særskilt bruk eller utnytting av eigedomen ved gjennomført sal.

## **INNSTILLING FRÅ RÅDMANNEN:**

Kommunestyre ber om at sal av Hovland bu og omsorgssenter med 4 mannsbustad i rekke med tilhøyrande tomt og naust vert gjennomført i samsvar med premissa i denne saka.

Før sal vert gjennomført vert innbu rydda, avhenda eller seld i samsvar med ovanstående premissar.

Rådmannen får fullmakt til å slutføra sal av eigedomar og avhending av innbu.

Tysnes kommune set ingen vilkår om framtidig bruk av eigedommen utover det som til ei kvar tid følgjer av gjeldande regulering av område.

## **FRAMLEGG TIL VEDTAK FRÅ FORMANNSKAPET 31.01.2018:**

Kommunestyre ber om at sal av Hovland bu og omsorgssenter med 4 mannsbustad i rekke med tilhøyrande tomt og naust vert gjennomført i samsvar med premissa i denne saka.

Før sal vert gjennomført vert innbu rydda, avhenda eller seld i samsvar med ovanstående premissar.

Rådmannen får fullmakt til å slutføra sal av eigedomar og avhending av innbu.

Tysnes kommune set ingen vilkår om framtidig bruk av eigedommen utover det som til ei kvar tid følgjer av gjeldande regulering av område.

## **VEDTAK I KOMMUNESTYRET 13.02.2018:**

Kommunestyre ber om at sal av Hovland bu og omsorgssenter med 4 mannsbustad i rekke med tilhøyrande tomt og naust vert gjennomført i samsvar med premissa i denne saka.

Før sal vert gjennomført vert innbu rydda, avhenda eller seld i samsvar med ovanstående premissar.

Rådmannen får fullmakt til å slutføra sal av eigedomar og avhending av innbu.

Tysnes kommune set ingen vilkår om framtidig bruk av eigedommen utover det som til ei kvar tid følgjer av gjeldande regulering av område.



# MØTEBOK

## Tysnes kommune

---

**Utval**  
**KOMMUNESTYRET**

**Møtedato**  
**13.02.2018**

---

Arkivsak : 17/802 -  
Arkivkode: 010

---

Sakshandsamar: Steinar Dalland

### Handsamingar:

Utval	Møtedato	Saksnummer
FORMANNSKAPET	31.01.2018	PS 4/18
KOMMUNESTYRET	13.02.2018	PS 4/18

### STRATEGISK PLAN FOR SAMARBEIDSRÅDET FOR SUNNHORDLAND 2018 - 2021 - HØYRING

**Vedlegg: Strategisk plan for Samarbeidsrådet for Sunnhordland 2018-2021**

### SAKSUTGREIING:

#### Bakgrunn:

Samarbeidsrådet i Sunnhordland har gjennom ein intern prosess utarbeida framlegg til strategisk plan for åra 2018-2021, planen erstattar den noverande strategiplanen som vart meisla ut for perioden 2014-2017..

Planen vert no sendt til eigarkommunane til uttale, eventuelle innspel vert handsama i samarbeidsrådet i mars før den går til endeleg godkjenning i representantskapet 13. april.

#### Om planen:

Planen har ein relativt kort tidshorison til å vera ein slik plan og gjeld i utgangspunktet berre fram til og med 2021, dette kan sjølvsagt vera greitt då det gjev moglegheit for rulleringar avhengig av dei politiske samansetningane i eigarkommunane.

Visjonen til samarbeidsrådet er ny i planen og har i dag slik ordlyd: «Saman for Sunnhordland- ei kraft for vekst og utvikling»

Det er sett opp tre kjerneverdier: Raus, open og modig. Ambisjonen er uttrykt slik: Me set dagsorden!

Planutkastet understrekar Sunnhordland si rolle som sentral regional utviklingsaktør, og foreslår som overordna mål for perioden at «Samarbeidsrådet skal vera den fremste aktøren og ein naturleg partnar for å skapa eit nytt kraftsenter på Vestlandet».

Det vert skissert sju hovudsatsingsområder/utviklingsoppgåver i planen: Infrastruktur, regional utvikling, strategiske alliansar, kompetanse, helse, næringsutvikling og bu-lyst. Dei ulike hovudssatsingane er vidare delt i innsatsområder og strategiar knytt til det einskilde innsatsområde.

#### Vurderingar:

Visjonen som er lagt opp i den nye strategiplanen har ei tydelegare retning enn den noverande visjonen som har slik ordlyd: Me er framoverlent! I ei tid der samhaldet i Sunnhordland vert utfordra av store strukturelle endringar slik som til dømes inndeling av politidistrikt, ein mislukka prosess om kommunesamanslåing og etablering av ein ny region på Vestlandet så kan det vera på sin plass å minna om at me må stå saman om Sunnhordland skal vera ei kraft for vekst og utvikling. Kva som er framtida for Sunnhordland som region er litt uvisst. Det er klart at om deler av Sunnhordland vel å gå over til Rogaland så vil det gje ei heilt ny utfordring for framtidig samarbeid, men uavhengig av dette har me utfordringar opp mot overordna prosessar og regionale samarbeidsprosjekt.

Dei ulike utviklingsoppgåvene i planen er på einskilde område delt opp og konkretisert

Under dei ulike hovudsatsingane er det mykje me alle kan einast om, dersom me skulle peika på noko er det på sin plass av ferjesamband vert eit eige innsatsområde. Ferjesamband er ikkje kollektivtransport, men veg og bør flyttast over som eit eige innsatspunkt. Innkorting av ferjesambandet mellom Stord og Kvinnherad er eit strategisk val heller enn eit eige innsatsområde. Under innsatsområde ferjesamband må me gjera nokre strategiske val, desse elementa må vera inne i dei: Ferjefrekvens, pris og bruk av ferjesambanda våre som grøn avlat for Hordaland Fylkeskommune.

Det er positivt at Samarbeidsrådet har sett opp Vestlandsregionen som eit eige innsatsområde og at me der legg vekt på eit langsiktig mål om å trekkja Rogaland i den nye regionen. Å setja dagsorden i samband med denne reforma er viktig og det beste rommet for moglegheiter er truleg no når regionen er under danning.

Strategiske alliansar er ei av hovudssatsingane, denne kunne kanskje vore meir spesifikt skildra under strategiar. Det kan vere klokt at det her spesifikt vert peika på tiltak som: 1) Få nye Bjørnafjorden kommune inn som assosiert medlem av Samarbeidsrådet, 2) etablere tydelegare og meir konkrete «avtaler» med Haugalandet, Hardangerrådet og eventuelt andre om kva saker me skal støtta kvarandre på.

Satsingar på kompetanse, helse, næring og bulyst synes greie, under innsatsområde FOU er det peika på at me skal auka fokuset på det grønne skifte, for Sunnhordland sin del bør det kanskje også vera eit mål å auka fokuset på det blå skifte. Det blå skifte er ganske vesentleg, marine næringar er i stor omforming og havet har på mange måtar erstatta kornåkeren som den viktigaste moglegheita for å brødfø ei vaksande befolkning, dette krev både styring og kunnskap for å sikra ei god utvikling.

#### **INNSTILLING FRÅ RÅDMANNEN:**

Tysnes kommune tek Strategiplan for Samarbeidsrådet i Sunnhordland 2018-2021 til vitande.

Tysnes kommune stiller seg bak ny visjon og dei hovudsatsingane som er skildra i planen, me vil likevel be om at følgjande justeringar vert vurdert:

- Under hovudsatsing Infrastruktur ber me om at det vert ført opp eit eige punkt med nemning ferjesamband. Innkorting av ferjesamband mellom Stord og Kvinnherad er eit naturleg strategipunkt for å skapa ein sterk region. Forutan dette bør det under strategiar peikast på følgjande punkt: 1) Frekvens og stabilitet 2) ferjereisande kan ikkje åleine bere kostnaden med god miljøtilpassing i Hordaland.
- Ferje bør takast ut som eit strategisk punkt under kollektivtransport då me meiner at ferjesamband skal handsamast som veg.
- Strategiske alliansar er ei av hovudssatsingane, denne kunne kanskje vore meir spesifikt skildra under strategiar. Det kan vere klokt at det her vert peika på tiltak som: 1) Bjørnafjorden kommune inn som assosiert medlem av Samarbeidsrådet, 2) etablera tydelegare og meir konkrete «avtaler» med Haugalandet, Hardangerrådet med sikte på å gjera samarbeidet tydelegare og tilføra gamle problemstillingar ny kraft.
- Under innsatsområde FoU vert det peika på eit auka fokus på *det grønne skifte*. Tysnes kommune meiner at det også er viktig å retta fokus mot *det blå skifte* for å understreka den viktige rolla marine og maritime næringar vil har på ulike samfunnsområde frametter.

#### **HANDSAMING I FORMANNSKAPET 31.01.2018:**

Representanten Ingrid Restad sette fram slikt framlegg om tillegg til rådmannen si innstilling:

« Tysnes kommune vil oppmoda om at planen får ei meir spenstig visuell utforming.»

Formannskapet slutta seg samrøystes til framlegget, det ligg då føre slikt samrøystes framlegg:

#### **FRAMLEGG TIL VEDTAK FRÅ FORMANNSKAPET 31.01.2018:**

Tysnes kommune tek Strategiplan for Samarbeidsrådet i Sunnhordland 2018-2021 til vitande.

Tysnes kommune stiller seg bak ny visjon og dei hovudsatsingane som er skildra i planen, me vil likevel be om at følgjande justeringar vert vurdert:

- Under hovudsatsing Infrastruktur ber me om at det vert ført opp eit eige punkt med nemning ferjesamband. Innkorting av ferjesamband mellom Stord og Kvinnherad er eit naturleg strategipunkt for å skapa ein sterk region. Forutan dette bør det under strategiar peikast på følgjande punkt: 1) Frekvens og stabilitet 2) ferjereisande kan ikkje åleine bere kostnaden med god miljøtilpassing i Hordaland.
- Ferje bør takast ut som eit strategisk punkt under kollektivtransport då me meiner at ferjesamband skal handsamast som veg.
- Strategiske alliansar er ei av hovudssatsingane, denne kunne kanskje vore meir spesifikt skildra under strategiar. Det kan vere klokt at det her vert peika på tiltak som: 1) Bjørnafjorden kommune inn som assosiert medlem av Samarbeidsrådet, 2) etablera tydelegare og meir konkrete «avtaler» med Haugalandet, Hardangerrådet med sikte på å gjera samarbeidet tydelegare og tilføra gamle problemstillingar ny kraft.

- Under innsatsområde FoU vert det peika på eit auka fokus på *det grøne skifte*. Tysnes kommune meiner at det også er viktig å retta fokus mot *det blå skifte* for å understreka den viktige rolla marine og maritime næringar vil har på ulike samfunnsområde frametter.

Tysnes kommune vil oppmoda om at planen får ei meir spenstig visuell utforming.

### **HANDSAMING I KOMMUNESTYRET 13.02.2018:**

Representanten Ingrid Restad uttrykte på vegner av Ap at det er viktig at Samarbeidsrådet ikkje berre arbeider for å tiltrekka seg nye arbeidsplasser, men også arbeider for å halda på noverande statlege arbeidsplasser.

### **VEDTAK I KOMMUNESTYRET 13.02.2018:**

Tysnes kommune tek Strategiplan for Samarbeidsrådet i Sunnhordland 2018-2021 til vitande.

Tysnes kommune stiller seg bak ny visjon og dei hovudsatsingane som er skildra i planen, me vil likevel be om at følgjande justeringar vert vurdert:

- Under hovudsatsing Infrastruktur ber me om at det vert ført opp eit eige punkt med nemning ferjesamband. Innkorting av ferjesamband mellom Stord og Kvinnherad er eit naturleg strategipunkt for å skapa ein sterk region. Forutan dette bør det under strategiar peikast på følgjande punkt: 1) Frekvens og stabilitet 2) ferjereisande kan ikkje åleine bere kostnaden med god miljøtilpassing i Hordaland.
- Ferje bør takast ut som eit strategisk punkt under kollektivtransport då me meiner at ferjesamband skal handsamast som veg.
- Strategiske alliansar er ei av hovudssatsingane, denne kunne kanskje vore meir spesifikt skildra under strategiar. Det kan vere klokt at det her vert peika på tiltak som: 1) Bjørnafjorden kommune inn som assosiert medlem av Samarbeidsrådet, 2) etablera tydelegare og meir konkrete «avtaler» med Haugalandet, Hardangerrådet med sikte på å gjera samarbeidet tydelegare og tilføra gamle problemstillingar ny kraft.
- Under innsatsområde FoU vert det peika på eit auka fokus på *det grøne skifte*. Tysnes kommune meiner at det også er viktig å retta fokus mot *det blå skifte* for å understreka den viktige rolla marine og maritime næringar vil har på ulike samfunnsområde frametter.

Tysnes kommune vil oppmoda om at planen får ei meir spenstig visuell utforming.

# MØTEBOK

## Tysnes kommune

---

**Utval**  
**KOMMUNESTYRET**

**Møtedato**  
**13.02.2018**

---

Arkivsak : 17/820 -  
Arkivkode: 003

---

Sakshandsamar: Steinar Dalland

### Handsamingar:

Utval	Møtedato	Saksnummer
FORMANNSKAPET	31.01.2018	PS 5/18
KOMMUNESTYRET	13.02.2018	PS 5/18

### FORMELL GODKJENNING AV KOMMUNEVÅPEN

**Vedlegg:** SAMLA SAKFRAMSTILLING SAK PS 8/17  
ØNSKJE OM Å FÅ TYSNESFLAGG

### SAKSUTGREIING:

I sitt møte 17. februar f.å. hadde kommunestyre oppe høyringssak om forenkling i regelverk for kommunevåpen og kommuneflagg. Kommunestyre stilte seg positive til at kommunane no kan gjennomføra formell eigengodkjenning av eige kommunevåpen, endring i flaggreglar vert gjort tilsvarende slik at kommunen kan heisa kommuneflagget som dei då sjølve har godkjent.

Tysnes kommune har ikkje hatt eit formelt godkjent kommunevåpen, dette har ikkje ført til særskilte avgrensingar utover dei avgrensingar som følgjer av flagglova om at kommunen berre har høve til å flagga med kommuneflagg godkjent av Kongen.

Dei ny reglane er tredd i kraft frå årsskifte. Det nye regelverket inneber at den statlege godkjenninga av kommunale flagg og våpen er oppheva og at kommunestyre får eksklusiv kompetanse til å vedta flagg og våpen. Det vert her lagt opp til at kommunestyre gjer formelt vedtak om godkjenning av noverande kommunevåpen, melding om formell godkjenning vert sendt over til arkivverket. Det vil då ikkje lenger kunne vera tvil om at kommunen har eit formelt godkjent kommunevåpen.

I skriv frå tidlegare ordførar Tor Ottersen vert kommunen oppmoda om å tinga eige kommuneflagg. Rådmannen rår til at kommunen tingar slikt flagg som då kan nyttast alle dagar utanom ved offentlege flaggdagar då det norske flagget skal nyttast.

## **INNSTILLING FRÅ RÅDMANNEN:**

Kommunestyre godkjenner kommunevåpen slik det ligg føre og har vore nytta sidan opphavleg utarbeiding.

Kommunestyre ber om at det vert tinga kommuneflagg som kan nyttast alle dagar utanom offentlege flaggdagar.

## **HANDSAMING I FORMANNSKAPET 31.01.2018:**

Representanten Ingrid Restad stilte spørsmål om det er mogleg å henta heim igjen Onarheimsseglet som i dag vert nytta som kommunevåpen for Hordaland fylkeskommune. Det vart i møte bede om at prosess kring dette vert avklara i forkant av møte i kommunestyret.

## **FRAMLEGG TIL VEDTAK FRÅ FORMANNSKAPET 31.01.2018:**

Kommunestyre godkjenner kommunevåpen slik det ligg føre og har vore nytta sidan opphavleg utarbeiding.

Kommunestyre ber om at det vert tinga kommuneflagg som kan nyttast alle dagar utanom offentlege flaggdagar.

## **HANDSAMING I KOMMUNESTYRET 13.02.2018:**

Ordføraren sette fram slikt framlegg om utsetjing av saka:

1. Kommunestyret utset godkjenning av kommunevåpenet til Tysnes kommune.
2. Kommunestyret ber administrasjonen ta kontakt med fylkeskommunen for å utgreia moglegheita til å nytta det opphavlege Onarheimsseglet i kommunevåpenet til Tysnes kommune.
3. Kommunestyret ber om at saka blir tatt opp til ny handsaming når ein har avklart punkt 2 i vedtaket.

Representanten Rolf Simonsen stilte spørsmål om korvidt kommunen har hatt kommunevåpen før kommunestyret i 1971 vedtok våpenet slik me kjenner det i dag.

Ordføraren orienterte om at spørsmålet kan avklarast fram til neste førehaving.

Kommunestyret slutta seg samrøystes til framlegget frå ordføraren, det ligg då føre slikt vedtak:

## **VEDTAK I KOMMUNESTYRET 13.02.2018:**

1. Kommunestyret utset godkjenning av kommunevåpenet til Tysnes kommune.

2. Kommunestyret ber administrasjonen ta kontakt med fylkeskommunen for å utgreia moglegheita til å nytta det opphavlege Onarheimsseglet i kommunevåpenet til Tysnes kommune.
3. Kommunestyret ber om at saka blir tatt opp til ny handsaming når ein har avklart punkt 2 i vedtaket.

# MØTEBOK

## Tysnes kommune

---

**Utval**  
**KOMMUNESTYRET**

**Møtedato**  
**13.02.2018**

---

Arkivsak : 18/49 -  
Arkivkode: 741

---

Sakshandsamar: Steinar Dalland

### Handsamingar:

Utval	Møtedato	Saksnummer
FORMANNSKAPET	31.01.2018	PS 6/18
KOMMUNESTYRET	13.02.2018	PS 6/18

### OMFANGET AV LEVERINGSPLIKTIGE POSTTENESTER - HØYRING

**Vedlegg:** HØRING - OMFANGET AV LEVERINGSPLIKTIGE  
POSTTJENESTER(1517658).PDF  
HØRINGSNOTAT(1517641).PDF

### SAKSUTGREIING:

På bakgrunn av ei utgreiing frå Copenhagen Economics (CE) om ulike scenarier for leveringspliktige posttenester og statleg kjøp har Samferdselsdepartementet sendt sak om omfang av leveringspliktige posttenester til høyring. Post er ein viktig del av den overordna infrastrukturen i eit samfunn som Tysnes, med bakgrunn i det har me vurdert at det vil vera aktuelt for kommunen å gje uttale til saka.

Departementet ønskjer særskilt tilbakemelding på følgjande tilhøve:

- Innspel til kva som vil vera rett nivå på leveringspliktige posttenester i framtida.
- Syn på ulike alternativ til lovregulering.

Høyringsnotatet gjer greie for saka både med omsyn til bakgrunn og med omsyn til vurdering av ulike løysingar.

Bakgrunnen er rett og slett at me sender stadig mindre brev, det er rett nok ei lita oppgang i tal på mindre postpakker, men dette veg ikkje opp for reduksjon i brevpost. Dette er ei naturleg følgje av stadig meir digital kommunikasjon på alle nivå og innan alle sektorar i samfunnet. Utviklinga er ikkje unik i Noreg, same bilete ser me i dei andre nordiske landa. I fleire nordiske land er leveringfrekvensen for alminneleg post sterkt redusert, i Danmark vil det i praksis berre vera omdeling ein dag per veke. Ei naturleg følgje av lågare volum er at lønsemda for Posten vert låg, i samband med låg lønsemd må då samfunnet gå inn å garantera posten sine inntekter



gjennom det som vert kalla statlege kjøp, for alle praktiske føremål referer omgrepet statlege kjøp til ein kompensasjonsordning for å kompensera posten si leveringsplikt opp mot lågare lønsemd.

Med bakgrunn i problemstillinga knytt til statlege kjøp har CE rekna effektar langs 4 ulike scenario:

1. Fortsatt omdeling fem dagar per veke i heile landet
2. 2,5 omdelingsdagar i veka i tettbygde strøk og 5 omdelingsdagar i område med spreidd busetnad.
3. 2,5 omdelingsdagar per veke i heile landet
4. 1 omdelingsdag per veke i heile landet.

Det første alternativet er null alternativet og vil auka behov for statleg kjøp til om lag 1 mrd. kr i 2025, alternativet inneber at tenesta vert vidareført på dagens nivå.

Alternativ 2 inneber at omdelinga vert oppretthalde i spreiddbygde strøk medan den vert redusert i tettbygde strøk. Dette alternativet vil gje relativt små ulemper då det er lagt til grunn at det her finnes rimelege alternativ til posten si ombering. Ulempa er at også kostnadsreduksjonen er liten, samanlikna med null alternativet er det ei innsparing på 250 mill. i 2025.

Alternativ 3 er omdeling annankvar dag i heile landet, endringa vil kunne gje noko negative effektar for nokre typar sendingar særskilt då mot eldre og/eller immobile i spreiddbygde strøk. Omfanget av statleg kjøp vil kunne reduserast med 650 mill. kr. I 2025.

Det fjerde alternativet er å redusera postfordeling til ein dag per veke i heile landet, dette er naturleg nok løysinga med størst ulemper då omdelingsfrekvensen er ganske låg. Alternativet inneber ein reduksjon i statleg kjøp tilsvarande kr 900 mill. i 2025.

I høyringsnotatet punkt 2.2.3 vert det skissert moglege målretta tiltak for å redusera negative konsekvensar av redusert omdelingsfrekvens.

Departementet sine vurderingar:

Departementet konkluderer med at alternativ 1 ikkje er berekraftig på sikt og vil avvikla det lovfesta kravet om 5 dagars postomdeling. Endringa kan skje tidlegst frå 2020.

Departementet meiner vidare at alternativ 2 er lite attraktivt av to grunnar: 1) Det er vanskeleg å gjera avgrensing mellom ulike område både på ei gitt tid og med framskrivningar. 2) Innsparinga opp mot statleg kjøp er avgrensa då det kostnaden for omdeling i spreiddbygde strøk er vurdert til å vera høgare enn i tettbygde strøk.

Dersom ein vel alternativ 3 vil nettokostnader ved omdeling i første omgang vera låge, før dei igjen vil nå eit brytingspunkt i 2021 der det igjen vil vera lønsamt å gjera ytterlegare reduksjonar.

Omdeling etter alternativ 4, altså berre ein dag per veke vil vera lønsamt i heile perioden.

Departementet landar på ei postomdeling kvar annan dag i sin konklusjon. Endringa til dette alternativet inneber ei årleg innsparing tilsvarande kr. 500 millionar per år, dette aukar frå 2025

til kr. 650 mill. per år. Departementet går ikkje inn for særskilte målrette tiltak for å redusera ulempa ved lågare omdelingsfrekvens, denne konklusjonen er trekt med basis i at det tilgjengeleg kommersielle produkt som kan gje høgt servicenivå ved behov. Det vert elles peika på målretta kompensierende tiltak innan einskilde sektorområder.

I punkt 3.2 ff vert det gjort greie for ulike særskilte ulemper:

### 3.2 Aviser

Den samla omdelinga av aviser i Noreg er per i dag om lag 1 million aviser, av denne marknaden har posten 15 %. Truleg er utfordringa med avisomdeling størst for mindre lokalaviser slik som Bladet Tysnes som ikkje har eige distribusjonsnett og for avisomdeling i spreiddbygde strøk der distribusjonsnettet er meir avgrensa. Departementet kompenserer for dette ved å leggja opp til ei forskrift der Posten får pålegg om å tilby postboksarr ved alle faste ekspedisjonsstader. Denne ordninga kunne kanskje vore synleggjort betre i høyringsnotatet då det er litt vanskeleg å få grep om korleis denne løysinga er.

Det kunne vore ønskjeleg at departementet gjorde ei nærare vurdering på om omdelinga særskilt vil råke mindre lokalaviser med dårleg grunnlag for alternativt distribusjonsnett. Dersom det viser seg at redusert omdelingsfrekvens særskilt rammer desse bør det eventuelt vurderast målretta tiltak.

### 3.3. Biologiske preparat.

Med biologiske preparat snakkar me om prøvar mellom anna frå legekontor til spesialisthelsetenesta. I høyringa vert det vist til at medisinske laboratorium gjerne gjev tilbod om henting av prøvar, omlegging frå A og B post til ein poststraum har allereie ført til at helseføretaka frå 2018 løysar dette gjennom eige kjøp. Konsekvensen av redusert omdelingsfrekvens vert såleis moderat.

Bioingeniør ved Tysnes legekontor skildrar konsekvensar av lågare omdelingsfrekvens slik i høve til biologiske preparat:

*«Omlegginga til posten har nok skapt størst utfordring for dei medisinske laboratoria, dette fordi dei både utstyrer primærhelsetenesta med prøvetakingsutstyr og betaler frakt på prøvesendingane. Det starta med at posten kutta postombæring på laurdagar: Haukeland sette inn budrute som hentar prøvane våre kl. 12.10. Difor ikkje mogeleg å ta sendeprøvar på fredagar etter kl. 11.*

*Den siste omlegginga har ført til at transport av biologisk materiale har vore ute på eit slags anbud som posten vann. Deira løysing er transport over natt. Rimeleg dyrt for dei som betaler (sjukehusa) etter det eg forstår. Frå mars/april vil dette og gjelda fredagar...*

*Stord Sjukehus har takka nei til prøvar frå oss pga. transportkostnader.. Det kjem truleg og Haugsund Sjukehus til å gjera.. Vi har berre fått nokre få sendekonvoluttar frå dei.*

*Rikshospitalet har sendt oss eit par frankerte konvoluttar.. Er ikkje mange prøvane vi sender til dei, gjeld heilt spesielle prøvar på organtransplanterte.*

*Urinprøvar frå LAR pasientar går til lab på Stavanger Sjukehus. Desse blir sendt på «gamlemåten» med lang transporttid. Ser ut som det går bra.»*

I praksis betyr dette at posten allereie har utspelt si rolle i høve til desse sendingane ved overgang til ein poststraum frå 2018, endringar i omdelingsfrekvens vil såleis spela liten rolle.

### 3.4 Medisinar

I notatet går departementet gjennom ulike resonnement for at lågare omdelingsfrekvens vil ha liten negativ effekt i samband med sending av medisinar. På Tysnes går det meste av medisin frå Apotek på Stord til utsalsstad på Tysnes via busstransport, legekantoret får også sine påfyllingar til medisinlager på denne måten.

### 3.5 Særlege sårbare grupper

CE har i si utgreiing lagt til grunn at 30- 35.000 immobile personar i spreiddbygde strøk ikkje vil ha tilgang til alternativ til Posten si omdeling til ein rimeleg pris, fleire i denne gruppa har også låg digital kompetanse. Departementet tilrår ikkje egne statlege løysingar for denne gruppa, Dei legg til grunn følgjande i sin argumentasjon: 1) Framsending av post vert berre lengd med ein dag for 50 % av sendingane. 2) Det er god tilgang til digital nyheitsformidling, 3) landposttenesta skal framleis ha tilbod om grunnleggjande post- og banktenester der dei bur, 4) det er i dag kommersielle ekspresstilbod som dekker heile landet med levering over natt..

### 3.6 Førehandsrøyster

Det vert vist til at det i lita grad bør vera eit problem med valgjennomføring og førehandsrøysting, i siste instans kan Posten påleggjast ekstra innsamling etter postlova § 12. Med god planlegging og styring skal såleis ikkje endringar i omdelingfrekvens få innverknad på valgjennomføringa.

### Vurderingar:

Det er verd å merkja seg at det framleis vil vera postomdeling 5 dagar i veka til postboksanlegg, i framlegget opnar departementet for å påleggja posten plikt til å oppretta postboksanlegg ved alle ekspedisjonsstadar.

Det er vanskeleg å argumentera mot behovet for endringar i omdelingsfrekvens når me ser korleis voluma for omdelt post har utvikla seg. Ei justering i omdelingsfrekvens er ein logisk og naturleg del av utviklinga, om enn den kan vera vond og vanskeleg og ramma arbeidsplassar lokalt. Dei samfunnsøkonomiske konsekvensane peikar mot at framlegget frå departementet er moderat og at det truleg vil koma nye vurderingar om utviklinga held fram i same lei som i dag.

Det kan argumenterast med at departementet bør gå for same løysing som Finland der omdelingsfrekvensen er høgare i spreiddbygde enn i tettbygde strøk. Dette inneber relativt små innsparingar samanlikna med ein gjennomgåande reduksjon av omdelingsfrekvensen og i eit tid der det er behov for å redusera kostnader for å møte morgondagens utfordringar er det truleg ikkje fornuftig.

Når det gjeld framlegg til lovendring i postlova § 7, 2. ledd er det etter rådmannen sitt syn ulogisk å oppretthalda særordning om avisdistribusjon på laurdagar, I høyringsnotatet er det estimert at denne ordninga kostar om lag kr. 100 mill. per år, desse midlane bør eventuelt heller nyttast til å gje støtte til lokalaviser med dårlege føresetnader for eigen distribusjon.

Endring i Postlova § 7 3. ledd inneber å at departementet får heimel til å påleggja Posten å gje tilbod om postboksar ved alle faste ekspedisjonsstader. Omdeling til postkasser vil skje dagleg.

Dette er positivt og inneber at det for verksemdar og privatpersonar med særskilte behov kan sikrast dagleg omdeling av post.

Ut frå ei samla vurdering vil rådmannen rå til slik uttale:

### **INNSTILLING FRÅ RÅDMANNEN:**

Tysnes kommune tek høyring om endringar i Postlova og Posten sin omdelingsfrekvens til vitande. Tysnes kommune stør i hovudssak dei vurderingar departementet har gjort med omsyn til omdelingsfrekvens, me har likevel følgjande merknader:

Det bør kartleggast om endringar i omdelingfrekvens slår systematisk skeivt ut opp mot avisdistribusjon, det er då særskilt interessant å sjå korleis endringa slår ut for mindre lokalaviser der føresetnader for eigne distribusjonskanalar er lite hensiktsmessig eller urimeleg kostnadskrevjande. Tysnes kommune vil i den samanheng peika på at særordning med omdeling av aviser på laurdagar kan opphøyra, dei midlane som vert frigjort ved ei slik endring bør nyttast til å kompensera eventuelle systematiske skeivheiter i avismarknaden.

I høve til sending av biologiske preparat bør det sikrast at helseføretaka får plikt til å gje tilbod om frakt for alle legekontor som naturleg soknar til det aktuelle føretaket, tilsvarande for spesialiserte laboratorietenester slik som ved Rikshospitalet. Per tidspunkt er i realiteten allereie ordninga med framsending kommersialisert for denne type sendingar.

Tysnes kommune er positiv til at det vert lagt til rette for dagleg omdeling til postboksar og at det vert skaffa heimel for å gje pålegg om slikt tilbod ved alle faste ekspedisjonsstader.

### **HANDSAMING I FORMANNSKAPET 31.01.2018:**

Representanten Ingrid Restad sette på vegner av Ap fram slikt framlegg til vedtak:

«Posten har ei viktig rolle i infrastrukturen i mange samfunn, såleis også for Tysnes.

Tysnes kommune ber om at departementet går inn for at det vert gjort postomdeling etter scenario to. Det vil sei at det vert gjort 2,5 omdelingar per veke i tettbygde strok og 5 omdelingar per veke i spreiddbygde strok.»

Ved avrøysting slutta formannskapet seg samrøystes til framlegg frå Ap.

### **FRAMLEGG TIL VEDTAK FRÅ FORMANNSKAPET 31.01.2018:**

Posten har ei viktig rolle i infrastrukturen i mange samfunn, såleis også for Tysnes.

Tysnes kommune ber om at departementet går inn for at det vert gjort postomdeling etter scenario to. Det vil sei at det vert gjort 2,5 omdelingar per veke i tettbygde strok og 5 omdelingar per veke i spreiddbygde strok.

### **HANDSAMING I KOMMUNESTYRET 13.02.2018:**

Representanten Magne Skartveit sette på vegner av Krf fram slikt framlegg til vedtak:

«Posten har ei viktig rolle i infrastrukturen i mange samfunn, såleis også for Tysnes.

Tysnes kommune ber om at departementet går inn for at det vert gjort postomdeling etter scenario ein, det vil sei 5 omdelingar per veke.»

På vegner av Høgre sette ordføraren fram slikt framlegg til vedtak:

«Posten har ei viktig rolle i infrastrukturen i mange samfunn, såleis også for Tysnes.

Tysnes kommune ber om at departementet går inn for at det vert gjort postomdeling etter scenario to. Det vil sei at det vert gjort 2,5 omdelingar per veke i tettbygde strok og 5 omdelingar per veke i spreiddbygde strok.

Departementet peikar på at alternativ 2 er lite attraktivt av to grunnar:

- 1) Det er vanskeleg å gjera avgrensing mellom ulike område både på ei gitt tid og med framskrivingar.
- 2) Innsparinga opp mot statleg kjøp er avgrensa då det er kostnaden for omdeling av spreiddbygde strok er vurdert til å vera høgare enn i tettbygde strok.

Tysnes kommune meiner ein kan nytta seg av den allereie etablerte distriktsindeksen for å skilja mellom ulike område, og ser difor ikkje på ulempe ein som noko utfordring. Alternativ 2 gjev også ein innsparing på 250 millionar i året i 2025, og gjev ein faktisk innsparing utan å gje distriktskommunar store ulemper.»

Representanten Arne Leite sette fram slikt framlegg på vegner av Sp:

«Tysnes kommune ber om at alternativ 1 vert vidareført.

1. Fortsatt omdeling fem dagar per veke i heile landet.»

Ordføraren trekte framlegget sett fram på vegner av Ap.

Ved avrøysting vart framlegg frå Sp samrøystes vedtke.

### **VEDTAK I KOMMUNESTYRET 13.02.2018:**

Tysnes kommune ber om at alternativ 1 vert vidareført.

Fortsatt omdeling fem dagar per veke i heile landet.

# MØTEBOK

## Tysnes kommune

---

**Utval**  
**KOMMUNESTYRET**

**Møtedato**  
**13.02.2018**

---

Arkivsak : 16/47 -  
Arkivkode: 504

---

Sakshandsamar: Morten Anthonessen

### Handsamingar:

Utval	Møtedato	Saksnummer
LANDBRUK/TEKNISK	30.01.2018	PS 1/18
KOMMUNESTYRET	13.02.2018	PS 7/18

### DETALJREGULERING FOR UGGDAL BUSTADOMRÅDE - DEL AV GNR. 66, BNR. 4, 6, 101 M.FL.

**Vedlegg:** Plankart  
Føresegn  
Planskildring  
Ros-analyse  
Naturmangfallslova  
Samordna uttale – Fylkesmannen i Hordaland  
Fråsegn – Hordaland fylkeskommune  
Motsegn NVE  
Skriv til Fylkesmannen

### SAKSUTGREIING:

Føremålet med planen er å leggja til rette for bustadføremål med tilhøyrande funksjonar, vegtilkomst, leikeplassar, grøntområde og turveg. Planarbeidet grip inn i 3 eksisterande reguleringsplanar og endrar desse der det er trong for justeringar. Planområdet er på totalt 232 daa. der litt over 90 daa. ikkje har vore regulert tidligare.

Planlagt arealbruk er i samsvar med gjeldande kommuneplan.

Planen er utarbeida som ein detaljregulering av Omega Areal AS på vegne av Tysnes kommune.

Det er lagt til rette for ulike typar bygg, eine -og fleirmannsbustader, rekkehus og konsentrert leilighetsbygg (blokk) med tilhøyrande infrastruktur, leikeplassar, friområde, turveggar mv.

Saka har vore til offentleg ettersyn, innkomne merknader er kommentert i planskildringa. Kommenterar frå avgrensa høyring er kommentert i saksframlegget.

I samband med funn av automatisk freda kulturminne, motsegn frå NVE - og etter innspel frå grunneigarar vart planen revidert og sendt til ny avgrensa høyring. I det reviderte framlegget er det mellom anna justert noko i tomteplanen for å sikra fleire tomter i areal med god utsikt. Vegen inn til område er også justert noko med omsyn til ei mogleg utviding av industriområde på Heningen. I revidert planframlegg er kulturminne sikra med tilstrekkelege omsynssoner, flaum og skred er omtala i planskildringa, føresegner og ROS – analyse samt aktsemdssoner for flaum og skred er vist i plankart. Planen legg no også til rette for ei mogleg omlegging av vegen, dette må i så tilfelle finansierast av tiltakshavar.

Høyringa var avgrensa til Hordaland fylkeskommune, fylkesmannen i Hordaland og NVE, frist for merknad vart sett til 03.01.18.

Fylkesmannen har i brev 13.12.17 gjeve ein samordna uttale utan motsegn til det reviderte planframlegget, i tillegg har fylkeskonservator i fråsegn dagsett 21.12.17 trekt sine merknader til planen.

Det som er litt problematisk er at NVE i brev dagsett 9 januar varslar at dei ikkje fråfell sitt motsegn, dette skjer då etter fristen som er sett i høyringa og motsegna er ikkje samordna av Fylkesmannen slik den etter regelverket skal vera. Me har teke denne problemstillinga opp med Fylkesmannen og bede om at motsegna vert sett vekk frå. Alternativt har me lagt til grunn at kommunen godkjenner planen sålangt den ikkje er omfatta av motsegna og at det vert gjennomført mekling med NVE på den delen av planen som er omfatta av motsegna. Slik me les motsegnet gjeld dette områda som er markert med aksemdssone i BKB1, BKB3 og BFS22, Me har bede Fylkesmannen å avklara dette innan kommunestyre si handsaming 13.februar.

#### Samordna uttale frå Fylkesmannen

Fylkesmannen sin uttale inneheld fleire punkt der han peikar på mogleg konsekvens i høve til landskap, terrenginngrep, siluettverknad, strandsona og friluftsområde og meina difor at tal på bueiningar må reduserast monaleg utan at det direkte fremmast motsegn til planframlegget.

Tysnes kommune merkjer seg at arealet er klarert i eigen kommuneplan, arealet er avsett til bustad og vert utvikla i samsvar med kommunens ønska strategi. Uggdal sin nærleik til ny trase for E-39 og det faktum at det er lite tilgjengeleg byggjeland i kringliggande bygder gjer at kommunen meiner at det nye bustadområdet er av rett storleik for å kunne tilby attraktive tomter i ljøs av den veksten me ser frametter.

Strandlinja i planområde er utbygd, både med industri, bustad og fritidsbygg, planen legg ikkje opp til ny eller anna bruk. Me kan ikkje sjå at Fylkesmannen sin merknad om strandsonevern har særleg relevans for planen.

Fylkesmannen ønske ein landskapsanalyse som synleggjer verknaden av utbygginga.

Planen løyser ikkje ut krav om konsekvensutgreiing då detaljreguleringa er i samsvar med overordna plan.

Omega Areal AS har visualisert konsekvens av utbygging i 3D-modell og ulike vegmodellar i prosessen. Konsekvensar av planen er vurdert i planskildring og ROS-analyse. Alle nye eigedomar er sett i tabell med maksimal tillate byggehøgde. Fylkesmannen syner til at Myklestadskogen med Kyrkjevatnet og nordvestlege delar av planområdet er vurdert som svært

viktig friluftslivsområde. Fylkesmannen viser her til temakartlegging og ikkje noko bindande plan, Tysnes kommune legg elles til grunn at planen balanserer godt i høve til dei nemnde friluftsområda og meiner at det er teke god høgde for å ivareta kvalitetane i desse områda også frametter. Går me i detalj inn på kva friluftsiinteresse som ligg i området står det i kartlegginga mellom anna følgjande:

*«Skogområde hovudsakeleg beståande av furu.  
Fleire turløyper, og ein rundløypetur på om lag 3,5km med særleg høg bruk.  
Kjevikjo friluftsområde med gode parkeringsmoglegheiter.  
På parkeringsplassen ved Heningen i Uggdal er det satt opp informasjonstavle.  
Tilrettelagd badeplass med sandvolleyballbane, fin badeffjøre, stupebrett og redningsbøye.  
HC-toalett og baderampe for rørslehemma.  
Fortøyingsboltar langs svaberga.  
Kjevikjo er òg eit bra utgangspunkt for padleturar i Bårdssundet.  
Bautastein, gravrøyser og fleire minnesmerke frå eldre jarnalder og folkevandringstida.  
Kyrkjvatnet vert nytta til skøyting når det er kaldt nok.  
Fiskevatn med stor bestand av gjedde.»*

Turvegane vert vidareført gjennom heile planområdet, og dei andre tilboda vert ikkje råka negativt av at området vert bygd ut ut. Me er såleis usamd med Fylkesmannen sitt utsegn om at konsekvensane berre er overflatisk kommentert i planframlegget. Friluftsiinteressane er ivareteke ved at planen legg opp til samanhengande grønstruktur og nye turvegar, strandlinja er tilgjengeleg for ålmenta med unnatak av det eksisterande industriområdet og framfor eit par bustader som har privat strandlinje i dag. Det vert etablert gjestebrygge i båthamna. Samla sett er ei god ivaretaking av friluftsiinteresser og ålmenta sine behov noko av det som vil gjera bustader i området attraktive.

Planområdet kan ikkje byggast ut utan terrenginngrep, dette gjer likevel ikkje utbygging av området til et dårleg prosjekt. Korkje gjeldande kommuneplan eller utarbeida detaljreguleringsplanar legg opp til ein konservering av dagens situasjon eller landskapsbilete. Det å byggja ut eit område vil visast igjen ved at det blir tettare mellom bygg og større avstand mellom trær. Arealføremåla i planframlegget sikrar at det framleis skal stå att teigar med skogspreg og grønstruktur i planområdet. Planen legg opp til ein god balanse mellom bruk og vern. Framføring av naudsynt infrastruktur og tilrettelegging av høveleg byggjeland vil krevja både terrenginngrep og terrengtilpassing. Tilpassing av bygg på dei mest krevjande tomtane vil vera ein utfordring for dei arkitektane som skal utvikla område, me ser likevel ikkje dette som noko trugsmål mot dei samla kvalitetane i område.

Tysnes kommune registrerar med ein viss undring Fylkesmannen sin uro for omfang av den planlagde utbygginga, dersom det skulle vera lagt opp til veldig spreidd utnytting ville neppe prosjektet vore kostnadssvarande.

Tysnes har generelt ein utfordrande topografi for veg og bustadbygging.

Dersom me tek vekk strandsona, freda kulturminne, eksisterande veg og bustadområder, landbruksareal, skog, vassdrag og høgfjell er det ikkje så store areal igjen som er klart for utbygging, difor må det vera klokt å leggja til rette for høg utnyttinggrad i nye bustadområder.

I tillegg til tradisjonelle ein- og tomannsbustader opnar planen opp for 2 felt med konsentrert småhus (BKS 1 og 2) der det kan planleggast rekkje- eller fleirmannsbustader.

8 bustadseigedomar i opphavlege reguleringsplanar er teke ut og ertstatta med friområde med utvida omsynssone for kulturminne i revidert planframlegg.



Området der det er planlagt bustadblokker er allereie regulert til føremålet, kommunen kan såleis ikkje sjå behov for å drøfta det vidare med fylkesmannen i denne runden.

Mjuke trafikantar, barn og unge sin interesse er ivareteke med fortau og gangvegar gjennom området og små og store leikeplassar ved dei ulike utbyggingsområda.

Det ligg rekkefølgjekrav til opparbeiding av dette før bustadane kan takast i bruk i dei ulike områda.

Kommunen merkar seg elles at Fylkesmannen i sin vurdering og uttale framleis har det gamle plankartet og ikkje har lagt ved det reviderte plankart dei mottok 15.11.17 der fleire av dei eksisterande bustadeigedomane er teke ut til fordel for friområde og omssynssone for kulturminne. Det å endre tal på eigedomar, litt opp eller ned, vil likevel ikkje endre hovudintrykket ein sitt igjen med etter ein stor utbygging som dette. Delar av utbygginga vert berre synleg frå Kyrkjevatnet mens andre delar vert synleg frå Søreidsvågen eller mot Eie som i dag. Det har heile tida vore eit ynskje om fortetting av området.

Fylkesmannen kommenterar og ein eksisterande bustadeigedom ( BFS22) i strandlinja, dette er ein etablert regulert bustadeigedom som er vidareført i ny plan. Fylkesmannen er redd for at det kan skapast forventningar om framtidig dispensasjon frå byggjegransa da eigedomen har bustadføremål ned til sjølinja. Tysnes kommune stusser over at Fylkesmann faktisk meiner at regulert bustadeigedom i 100 metersbeltet mot sjø ikkje kan ha juridisk binande byggjegrænse men at grensa for mogleg bygging må avgrensast gjennom innføring av anna arealføremål innanfor eigedomsgrensa.

Omlegging og etablering av ny tilkomstveg til Heningen ( o-SV1) er ikkje eit krav, men ein moglegheit som ligg i planen. Dette er ikkje ein veg kommunen vil finansiera eller gjennomføra, område BK1 må etablere sin eigen tilkomst på lik linje med dei andre utbyggingsområda, men tiltaket kan utførast i samsvar med plangrunnlaget av utbyggjar om planlagt utviding av industriområdet og sanering av eksisterande vegtrase skal realiserast utan trong for tid- og kostnadskrevjande reguleringsendring

I takt med samfunnsutviklinga vil Tysnes kommune gjennom detaljregulering av Uggdal bustadområde vera førebudd på og ta imot nye generasjonar fastbuande og tilflyttarar gjennom å tilby eit moderne sentrumsnært bustadområde som gjenspeglar dei kvalitetane Tysnes har, gjennom å leggja til rette for gode bærekraftige bumiljø i nærleik til sjøliv, turområder og servicefunksjonar.

#### Uttale frå Hordaland fylkeskommune

Hordaland Fylkeskommune har ingen merknader til det reviderte framlegget til plan.

#### Motsegn frå NVE

I innleiinga vart det nemnt at NVE har kome med ei motsegn til planen, motsegna er ikkje sett fram til rett tid og er heller ikkje samordna av Fylkesmannen. Tysnes kommune har såleis bede om at motsegna vert trekt med vising til plan og bygningslova § 5-4.

For ordens skuld er det verd å merkja seg at større deler av den opphavlege motsegna til NVE er fråfalt, dette gjeld følgjande punkt:

- Snøskredfare frå søraust
- Fare for steinsprang og snøskred i BFS13

Det som då står att er flaum og erosjonsfare i aktsemdssonene, det synes å vera særskilt problematisk opp mot alternativ bruk av brannstasjonen i BKB1. NVE peikar elles på at det står eksisterande hus og hytter i aktsemdssona, planen vil ikkje stenga for ei vidare utbygging av desse slik NVE ser det.

Etter ei samla vurdering har me bede om at motsegna vert trekt, dersom fylkesmannen ikkje avskjer motsegna meiner me at me kan eigengodkjenna dei deler av planen som ikkje er omfemja av motsegna.

### **INNSTILLING FRÅ RÅDMANNEN:**

Med heimel i § 12-12 i plan-og bygningslova, vert detaljregulering for Uggdal bustadområde – del av gnr.66, bnr 4,6,101 mfl. med tilhørande plankart, føresegn og planskildring godkjent.

### **HANDSAMING I LANDBRUK/TEKNISK 30.01.2018:**

Øystein Dalland la fram følgjande forslag:

Punkt 9.2 Før det vert gjeve bruksløyve til nye bustadar innanfor felt BFS1-BFS13, skal teknisk infrastruktur (veg, vatn, avlaup, straum) vere ferdig opparbeidd fram til tomta.

#### **Vert erstatta med:**

9.2 Før det vert gjeve bruksløyve til nye bustadar innanfor felt BFS1-BFS13, skal teknisk infrastruktur (veg, *gangveg*, vatn, avlaup, straum) vere ferdig opparbeidd fram til tomta

Ved røysing vart framlegget til Øystein Dalland samrøystes vedteke.

Etter røysting ligg det føre følgjande

### **FRAMLEGG TIL VEDTAK FRÅ LANDBRUK/TEKNISK 30.01.2018:**

Med heimel i § 12-12 i plan-og bygningslova, vert detaljregulering for Uggdal bustadområde – del av gnr.66, bnr 4,6,101 mfl. med tilhørande plankart, føresegn og planskildring godkjent, med følgjande endring:

Punkt 9.2 Før det vert gjeve bruksløyve til nye bustadar innanfor felt BFS1-BFS13, skal teknisk infrastruktur (veg, vatn, avlaup, straum) vere ferdig opparbeidd fram til tomta.

#### **Vert erstatta med:**

9.2 Før det vert gjeve bruksløyve til nye bustadar innanfor felt BFS1-BFS13, skal teknisk infrastruktur (veg, *gangveg*, vatn, avlaup, straum) vere ferdig opparbeidd fram til tomta

## **HANDSAMING I KOMMUNESTYRET 13.02.2018:**

Rådmannen orienterte kommunestyret om status opp mot motsegn og kva følgjer dette får for vidare sakshandsaming.

Etter dialog med Fylkesmannen er det semje om at kommunen kan vedta den delen av planen som ikkje er omfatta av motsegn. Med bakgrunn i dette vil rådmannen innstille til slikt framlegg:

«Med heimel i § 12-12 i plan- og bygningslova, vert detaljregulert for Uggdal bustadområde del av gnr. 66, bnr 4,6,101 m.fl. med tilhøyrande plankart, føresegn og planskildring godkjent med unntak av område omfemja av motsegn frå NVE, nærare bestemt: BKB1, BKB3,BFS18 og BFS22.

Det vert elles gjort slik endring:

Punkt 9.2 Før det vert gjeve bruksløyve til nye bustadar innanfor felt BFS1-BFS13, skal teknisk infrastruktur (veg, vatn, avlaup, straum) vere ferdig opparbeidd fram til tomta.

### **Vert erstatta med:**

9.2 Før det vert gjeve bruksløyve til nye bustadar innanfor felt BFS1-BFS13, skal teknisk infrastruktur (veg, *gangveg*, vatn, avlaup, straum) vere ferdig opparbeidd fram til tomta»

I kommunestyret vart det avklara at rekkjefølgjekrav etter punkt 9.2 gjeld infrastruktur innanfor utbyggingsområde for nye bustader, rekkjefølgjekravet er ikkje knytt til eksisterande vegar i område. Det vart ikkje gjort framlegg om utviding av dette kravet.

Ved avrøysting vart det gjort slikt samrøystes vedtak:

## **VEDTAK I KOMMUNESTYRET 13.02.2018:**

Med heimel i § 12-12 i plan- og bygningslova, vert detaljregulert for Uggdal bustadområde del av gnr. 66, bnr 4,6,101 m.fl. med tilhøyrande plankart, føresegn og planskildring godkjent med unntak av område omfemja av motsegn frå NVE, nærare bestemt: BKB1, BKB3,BFS18 og BFS22.

Det vert elles gjort slik endring:

Punkt 9.2 Før det vert gjeve bruksløyve til nye bustadar innanfor felt BFS1-BFS13, skal teknisk infrastruktur (veg, vatn, avlaup, straum) vere ferdig opparbeidd fram til tomta.

**Vert erstatta med:**

9.2 Før det vert gjeve bruksløyve til nye bustadar innanfor felt BFS1-BFS13, skal teknisk infrastruktur (veg, *gangveg*, vatn, avlaup, straum) vere ferdig opparbeidd fram til tomta.

# MØTEBOK

## Tysnes kommune

---

**Utval**  
**KOMMUNESTYRET**

**Møtedato**  
**13.02.2018**

---

Arkivsak : 18/122 -  
Arkivkode: 022

---

Sakshandsamar: Steinar Dalland

### **Handsamingar:**

<b>Utval</b>	<b>Møtedato</b>	<b>Saksnummer</b>
KOMMUNESTYRET	13.02.2018	PS 8/18

### **SUPPLERINGSVAL - KOMMUNESTYRET - VARAMEDLEM**

#### **HANDSAMING I KOMMUNESTYRET 13.02.2018:**

I samband med at representanten Kjetil Hestad i kommunestyresak PS 90/16 vart ikkje Arbeidarpartiet si varaliste supplert. Det vart i saka gjort slikt vedtak:

«Representanten Kjetil Hestad vert friteke frå verv i kommunestyre og formannskap for innverande valperiode i samsvar med innkomen søknad.

Ingrid Restad vert nytt møtande medlem av formannskapet.  
Varaliste vert ikkje supplert.»

I møte i kommunestyret i dag manglar ein representant då det ikkje var mogleg å kalla inn vara frå Arbeidarpartiet, med bakgrunn i dette finn ordføraren det naudsynt at varalista til Arbeidarpartiet vert supplert slik at den ligg på maksimalt antall av tilletne vararepresentantar.

Vallova § 14-2, nr 2 seier følgjande:

"(2) Det skal også foretas nytt valgoppgjør når en vararepresentantplass er blitt ledig, dersom fylkesordføreren eller ordføreren finner dette nødvendig."

I praksis vert det å lata neste på lista som Arbeidarpartiet hadde ved sist val, rykkja opp til varamannsplass. Varalista til Ap vert då supplert med Lena Beate Bergesen Kleppe.

Ordføraren sette fram slikt framlegg til vedtak:

«I medhald av vallova § 14-2, nr.2 vert varalista til Arbeidarpartiet supplert ved opprykk til varaplass etter valprotokollen.

Lene Beate Bergesen Kleppe vert vararepresentant for Arbeidarpartiet til kommunestyre.»

Kommunestyre slutta seg samrøystes til framlegget.

**VEDTAK I KOMMUNESTYRET 13.02.2018:**

I medhald av vallova § 14-2, nr.2 vert varalista til Arbeidarpartiet supplert ved opprykk til varaplass etter valprotokollen.

Lene Beate Bergesen Kleppe vert vararepresentant for Arbeidarpartiet til kommunestyre.

Postadresse:  
Rådhuset  
5685 UGGDAL

Besøksadresse:  
UGGDAL

Telefon: 53 43 70 00  
Telefaks: 53 43 70 11